



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.04.2017
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|----------------|---|
| PS 12/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 13/17 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| PS 14/17 | Kulturmidlar - Volda kommune |
| OS 11/17 | Orienteringssaker I starten på møtet vil fagkonsulent barnehage, Bodil Brautaset orientere om arbeidet med barnehageplanen Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik vil orientere om elevundersøkinga og skulebidragsindikatoren |
| OS 12/17 | Årsrapport, Frivilligsentralen i Volda, orientering |
| OS 13/17 | Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 13. mars 2017 |
| OS 14/17 | Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 14.12.2016 |
| OS 15/17 | Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 30.11.2016 |
| OS 16/17 | Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 15.02.2017 |
| OS 17/17 | Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 18.01.2017 |

PS 12/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 13/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

| | | | |
|----------------|-----------------------|---------------|-----------|
| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2016/2129 |
| | | Arkivkode: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------|------------|
| 14/17 | Driftsstyret | 19.04.2017 |

KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedleggsliste:

Melding om politisk vedtak – kulturmidlar, datert 27.1.2017
Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune (2004)

Saksopplysningar/fakta:

26. januar 2017 handsama kommunestyret sak om oppretting av kulturmidlar i Volda kommune. Kommunestyret gjorde vedtak om at det for 2017 skulle løyvast 200.000 kr til tiltaket, og at dette skulle dekkast over formannskapet sin disposisjonspost.

Driftsstyret fekk i oppgåve å fordele midlane, men når tenesteutval for barn og unge trer i funksjon skal dei overta denne funksjonen.

Kommunestyret vedtok at driftsstyret blir beden om å foreslå prinsipp for tildeling.

Administrasjonen sitt forslag til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune

- Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune (evt. i felleslag med nabokommunene). Dersom foreiningane har medlemmer også frå andre kommuner, må fleirtalet av medlemmane vere busett i Volda kommunen og foreininga si adresse/møtestad må vere i kommunen.
- Søknader som gjeld barne- og ungdomsarbeid skal prioriterast.

- Foreiningar som skal få støtte må ha vore i drift i minst 6 månader. Foreininga må ha ope medlemsskap, vedtekter og vald styre. Det må minst vere 10 medlemmer som betalar medlemskontingent.
- For lag og foreiningar som driv fleire aktivitetar – til dømes fleiridrettslag/allianseidrettslag – skal det sendast berre *ein* søknad der det blir forklart kva evt. tildelte kulturmidlar skal nyttast til.
- Det blir ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak og arrangement, som t.d. konsertar, messer og liknande. Det blir heller ikkje gitt stønad til politiske foreiningar og trussamfunn.
- Kulturmidlane blir delt ut 1. halvår kvart år. Søknadsfristen er 15. mai. Søknader som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama.
- Årsmelding og rekneskap for siste år skal leggest ved søknaden.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar. Driftsstyret må avgjere om det også er andre grupper enn barn og ungdom som skal prioriterast.

Økonomiske konsekvensar:

Formannskapet sin disposisjonspost er redusert med 200.000 kr (frå 455.000 kr til 255.000 kr).

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Driftsstyret skal foreslå prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune.

Kulturmidlar vil vere eit auka bidrag for støtte til frivillig innsats i Volda kommune. Det kan vere greitt å minne om at Volda kommune samla sett gir årlege millionbidrag til m.a:

- Grendehusa på bygdene
- Drifta av symjebassenga på bygdene og subsidiering av symjeklubben i sentrum
- Tilskot til Volda skisenter og årlege bygselavtaler knytt til skisenteret
- Mørehallen
- Symbolsk leigepris for Voldahallen
- Vedtak om støtte til hestesportssenter

Via kraftfondet har det dei siste åra blitt gitt støtte til m.a. Dei Nynorske Festspela, Studentveka, X2 Festivalen, Kammermusikkfestivalen, Dokumentarfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og Naturfestivalen. Planane for idrettshall og kulturhus med kino vil også medføre ei storsatsing frå kommunen si side.

Rådmannen meiner det er viktig å sjå tildeling av kulturmidlar i ein overordna samanheng og vere tydeleg på formålet med ordninga. Kommunen har sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og folkehelse. Det er særleg viktig å ha fokus på aktivitet og oppfølging av barn og unge for å førebyggje utanforskap og inkludere i fellesskapen. Tidleg innsats og tilrettelegging for å inkludere barn og unge i alle overgangsfasar er ei av dei største samfunnsutfordringane. Rådmannen vil derfor foreslå at tiltaket vert særleg retta mot organisasjonar og aktivitetar for barn og unge.



Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektor kultur og service for vidare arbeid



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Driftsstyret

| | | | | |
|---------------------|----------------|------------------|--------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2016/2129 | 1272/2017 | 223 | SVK/ SONHAV | 27.01.2017 |

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.01.17, hadde føre ovannemnde som sak PS 8/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.***
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.***
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.***
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Inger-Johanne Johnsen – kultur- og servicesjef
Henrik Skovly - økonomisjef
Andreea Beleuta - økonomi
Marija Ostojic - rekneskap
Astrid Gjersdal – frivilligsentralen
Bente Kristin Krøvel - driftsstyret

| | | | | |
|--|---|-----------------------|---|----------------------------|
| Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda | postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058701 | Telefaks: 70058701 | www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 | Bankgiro: 3991.07.81727 |
|--|---|-----------------------|---|----------------------------|

SAKSDOKUMENT

| | | | |
|----------------|-----------------------|---------------|-----------|
| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2016/2129 |
| | | Arkivkode: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 9/17 | Formannskapet | 10.01.2017 |
| 8/17 | Kommunestyret | 26.01.2017 |

KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*
- 2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Arild Iversen.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster og vart vedteken, framlegget frå Arild Iversen fekk 11 røyster og fall.

Vedtak i kommunestyret - 26.01.2017:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
- 2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
- 3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
- 4. Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg, som vart reist som fellesframlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*

2. *For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
3. *Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
4. *Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

Røysting (ni røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret :

1. *Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar.*
2. *For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.*
3. *Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.*
4. *Kommunestyret ber driftsstyret foreslå prinsipp for tildeling.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.*
2. *Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:

Kommunestyret vedtok i sak 172/16 (budsjettvedtaket) at det skulle utgreiast ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak blir utgreidde.

Kvart år kjem inn eit titals søknader om midlar frå lag og organisasjonar, noko som viser at dei forventar at kommunen har slike midlar til fordeling. Det har imidlertid ikkje vore budsjettert med kulturmidlar dei siste ti åra, ut over midlar til 17. maifeiring i sentrum (20.000 kr pr år) og på bygdene (1000 kr pr år).

Dei såkalla kulturmidlane vart tekne vekk i tidlegare budsjetthandsaming som eit sparetiltak for å frigjere midlar til kommunen sine primær oppgåver. Det er ikkje sett av pengar til kulturmidlar i budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. Dersom tiltaket skal prioriterast må det også løyvast midlar.

VURDERING

Volda kommune ønskjer å vere ei allsidig og levande kulturkommune. Gjennom kulturmidlane kan kommunen stimulere og bidra til variert kulturtilbod og opplevingar som kan aktivisere menneske i alle aldre, med ulike interesser og føresetnader. Målsettinga er å fremme eit aktivt, allsidig og kvalitetsmessig godt kulturliv.

Dersom kommunestyret vel å gjeninnføre ordning med kulturmidlar, meiner rådmannen meiner det er viktig å sjå tiltaket i ein overordna samanheng og vere tydeleg på formålet med ordninga. Kommunen har sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og folkehelse. Det er særleg viktig å ha fokus på aktivitet og oppfølging av barn og unge for å førebyggje mot utanforskap og inkludere i fellesskapen. Rådmannen vil derfor foreslå at tiltaket vert særleg retta mot organisasjonar og aktivitetar for barn og unge.

Forslag til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune

- Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune (evt. i felleslag med nabokommunene). Dersom foreiningane har medlemmer også frå andre kommuner, må fleirtalet av medlemmane vere busett i Volda kommunen og foreininga si adresse/møtestad må vere i kommunen.
- Søknader som gjeld barne- og ungdomsarbeid skal prioriterast.
- Foreiningar som skal få støtte må ha vore i drift i minst 6 månader. Foreininga må ha ope medlemskap, vedtekter og vald styre. Det må minst vere 10 medlemmer som betalar medlemskontingent.
- For lag og foreiningar som driv fleire aktivitetar – til dømes fleiridrettslag/allianseidrettslag – skal det sendast berre *ein* søknad der det blir forklart kva evt. tildelte kulturmidlar skal nyttast til.
- Det blir ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak og arrangement, som t.d. konsertar, messer og liknande. Det blir heller ikkje gitt stønad til politiske foreiningar og trussamfunn.
- Kulturmidlane blir delt ut 1. halvår kvart år. Søknadsfristen er 1. mai. Søknader som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama.
- Årsmelding og rekneskap for siste år skal leggest ved søknaden.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar. Formannskapet må avgjere kva politisk organ som skal tildele kulturmidlane, og om det også er andre grupper enn barn og ungdom som skal prioriterast.

Helse og miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje sett av midlar til tiltaket. Budsjettet for 2017 er godkjent med bruk av om lag 19 millionar i disposisjonsfond. Økonomiplanen er basert på reduksjon i tenesteeiningar og effektivisering for å balansere økonomien. Kommunen bør derfor ikkje opne opp for nye driftstiltak/auka driftstiltak. I så fall bør det vere tiltak som har positiv effekt på drifta og økonomien. Tiltak retta mot barn og unge kan ha det på sikt. Oppretting av tiltaket i 2017 vil auke sårbarheita i økonomien til kommunen for driftsåret.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

KONKLUSJON

Rådmannen tolkar kommunestyret slik at ein ynskjer å gjeninnføre ordninga med kulturmidlar, og at det er vilje til å gi dette prioritet. Dersom ein skal innføre dette i 2017, ser ikkje rådmannen annan finansieringsmåte enn å dekkje dette av formannskapet sin disposisjonspost. Dette reduserer handlingsrommet i økonomien for driftsåret.

Prinsipielt meiner rådmannen at alle kjente tiltak som kommunestyret vil prioritere skal vere innarbeidd når kommunestyret godkjenner budsjettet. Tiltak som ev ynskjer utgreidd for så å ta stilling til dei, bør i prinsippet kome att som tiltak som vert innarbeidd i neste års budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Rådmannen ser to moglege alternative løysingar i saka:

A.

1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

B

1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.
3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.

Fagleg vil rådmannen tilrå alterantiv A ettersom budsjettet for 2017 nettopp er vedteke, og at kjende tiltak som ein ynskjer utgreidd bør kome att i samband med neste års handsaming av budsjett og økonomiplan. Dette er også viktig for å gjere ei samla prioritering av dekning over drifta.

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Administrasjonen for vidare arbeid
Økonomisjefen

PRINSIPP FOR TILDELING AV KULTURMIDLANE I VOLDA KOMMUNE

Tidlegare vedteke i Hovudutalet for kultursektoren (HKS). Endra i Skule-og Kulturutvalet (SKU) i møte 12.02.98. Vedtak i Driftsstyret 05.05.04 sak 027/04.

1. Hovudfordelinga av kulturmidlane vert delt ut på vårparten kvart år. Det vert holdt tilbake eit restbeløp som skal fordelast til spesielle prosjekt og tiltak som dukkar opp i løpet av året. Restbeløpet skal avgrensast oppover til kr. 100 000.
2. Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune/felleslag med grannekommunar.
3. Driftsstyret kan ved hovudfordelinga avgjere om ev. lag og organisasjonar som har større prosjekt på gang, skal tilgodesjåast med ein sum over eitt eller fleire år.
4. Årsmelding, revidert rekneskap og budsjett skal leggjast ved søknaden.
5. Driftsstyret vil prioritere arbeid og tiltak for barn og unge.
6. Lag og organisasjonar som ser det som si hovudoppgåve å ta vare på og vidareutvikle vår kulturarv, vert prioritert.
7. Driftsstyret har høve til å ta omsyn til tilskot som søkjaren har fått frå andre tilskotsordningar tidlegare i kalenderåret, og som såleis ikkje går fram av innsend søknad/rekneskap.
8. Nyskipa lag kan få særskild vurdering i form av oppstartingstilskot.
9. Søknader som kjem inn etter fristen får ikkje tilskot ved den ordinære fordelinga.
10. Det vert gitt eit fast tilskot til 17. mai-feiringa: Kr. 20 000 til Volda sentrum og kr. 1 000 til kvar av bygdene som står føre eige arrangement.
11. Driftsstyret set av inntil kr. 20 000 i samband med det årlege lokale UKM-arrangementet.
12. Driftsstyret set av inntil kr. 20 000 til den årlege Kultur-og Marknadsdagen (Fjordmannsdagen) i Volda sentrum.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

OS 11/17 Orienteringssaker

ÅRSMELDING, STIFTINGA FRIVILLIGSENTRALEN I VOLDA 2016

Frivilligsentralane er aktive støttespelarar for å skape gode levande lokalmiljø og koordinere lokalt engasjement, nærmiljøutvikling og kulturelt mangfald.



Frivilligsentralen i Volda er ein av dei 419 statleg støtta frivilligsentralane i landet, som skal medverke til å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremje det frivillige arbeidet.

Årsmøtet 2016

Driftsstyret har vore styre for frivilligsentralen, og kommunestyret årsmøte. Årsmøte for sentralen var 30. mai, der kommunestyret tok årsmeldinga til vitende og vedtok arbeidsplanen for 2016/17.

Rekneskap og budsjett følgjer kommunen elles. Astrid Gjersdal har i meldingsåret hatt 100% stilling som dagleg leiar.

I eit arbeidsfelt som kviler på frivillig innsats vil ein arbeidsplan vanskeleg vere anna enn ein intensjonsplan, då ein ikkje kan stille krav eller setje sanksjonar overfor frivillige, slik ein gjer til tilsette. Eit anna karaktertrekk med det frivillige feltet er at det stadig er i endring, det vert dermed ofte ikkje slik som ein trur på førehand. Nye menneske og konstallasjonar gir nye problemstillingar, og ein må følgjeleg skifte fokus. Arbeidsplanen frå 2016 hadde dermed nokre punkt som ikkje vart gjennomførte, årsmeldinga omtalar sameleis tiltak som ikkje sto i arbeidsplanen.

2016 var siste året statsmidlane gikk øremerka til kvar einskild frivilligsentral. Frå 2017 er tilskotet til drifta av frivilligsentralar lagt inn i ramma til kommunane.

2016 har vore eit innbringande år i form av tilskot. I alt kr 641 800 har frivilligsentralen, gjennom å utforme søknadar, medverka til å hente inn av eksterne midlar til ulike samarbeidsprosjekt i året som gikk.

Frivilligsentralen har som si primære oppgåve og funksjon å

- bidra til møteplassar,
- ha ein koordinering-og samordningsfunksjon
- yte service for frivillig sektor og
- arbeide for å styrke mangfald og inkludering

Ein føresetnad for dette er å tenke og handle innovativt, utvikle gode nettverk og vere utadretta. Frivilligsentralane held seg i skjæringspunktet mellom frivillig og offentleg sektor, og som ein kommunal sentral kan det vere ei utfordring å kunne ta i bruk dei verkemidla som best gagnar føremålet – innafor kommunale rammer.

Kort oppsummert tiltak gjennom året, i eigen regi eller i samarbeid med andre:

- Månadlege mat og prat-arrangement frå januar til mai på samfunnshuset, annankvar veke frå august til jul. Tiltaka har vore i samarbeid med Re:act.
- Den kulturelle spasèrstokken. Frivilligsentralen har, i lag med ein komitè på 3 personar hatt ansvar for å søke og rapportere, og å organisere tilbodet ut til institusjonane. 23 ulike program vart gjennomført dette året, for eit tilskot på kr 83 550.
- ”Lån ein Volding”. Kvar laurdag har voldingar lånt seg ut til samtalar og norsktrening for innvandrarakar. Oppmøtet og aktiviteten har auka utover året. Volda folkebibliotek er ein særskild god samarbeidspart for frivilligsentralen, og legg godt til rette både for dei som er på utlån og for lånarane.
- Den årlege tv-aksjonen, dette året til Røde kors, som var ein aktiv samarbeidspartnar, som m.a. sto føre ringedugnad til næringslivet.
- Frivilligsentralen har hatt sekretærfunksjonen for styret for dei kommunale idrettslokala, som fordeler treningstider
- Frivilligsentralen er kontaktperson for 17. mainemnda i sentrum.
- Dagleg leiar er kontaktperson for Idrettsrådet, og møter på styremøta. Den viktigaste saka dette året har vore planane om ny hall.
- Kulturminnedagane. Biblioteket og frivilligsentralen tok også i 2016 initiativ til å markere kulturminnedagane i september, som dette året rette søkelys på dei mange som tek vare på og dokumenterer kulturminna våre, under tittelen ”Sjå kva vi kan”. I alt 6 program i ulike delar av kommunen vart presentert samla gjennom Møre. 7 frivillige stilte som opplesarar på ulike avdelingar i aldersinstitusjonane i samband med kulturminnedagane.
- 6 lag har fått hjelp til å registrere laget i frivilligregisteret/Brønnøysund, - 2 eksisterande lag i tillegg til 4 nye.
- Dagleg leiar har vore sekretær for frivilligprisenemnda, prisen gikk dette året til Petra Humberst
- Frivilligsentralen tok også dette året utfordringa frå X2-festivalen om å lage ei multisportløype. Mange, både lag og einskildpersonar samarbeidde om dette, som diverre fekk lite deltaking.
- Det har vorte formidla tenester som plenklipping, snømoking og flyttehjelp. Det er asylsøkarar og flyktningar som tek slike oppdrag, og den som tek imot hjelpa vert oppmoda om å by på

kaffi og ein prat til gjengjeld. Alle forerespørslar om hjelpetenester som har kome inn har vorte imøtekomne.

- Frivilligdagen 5. desember gjennomførte Frivilligsentralen i Volda, Frivilligsentralen i Ørsta ”Pengetimen” i lag med Kimen sosial entreprenør. 10 deltakarar fekk der gjennomgang av Legathandboka, innføring i korleis registrere seg i Brønnøysundregistret og elektroniske betalingsløysingar.
- 2 nye flyktningguideopplingar har vorte gjennomført i 2016. I november gjennomførte vi i samarbeid med Røde kors samling for eksisterande og potensielle flyktningguidar og andre på Røde kors-huset, der m.a Reidun Åmbø deltok med foredrag.
- Frivilligsentralen inviterte også dette året innvandrarar til å delta i festivallivet, hovudsakleg i Nynorske festpela og i multisportkonkurransen i x2.
- Eit rikhaldig sommarprogram vart gjennomført i sommarferien. 18 aktivitetsdagar vart gjennomført i perioden 21. juni til 16. august. I samarbeid med 10 ulike aktørar vart det gjennomført 16 aktivitetsdagar for i alt 637 deltakarar. I alt 72 000 mottok vi i støtte til tiltaket (UDI, Volda sanitetslag og Møre og Romsdal fylke), noko som gjorde det mogeleg for oss å leige inn prosjektleiar for å gjennomføre programmet. Charlotte Ingabire vart engasjert til dette.
- I lag med Volda kulturskule, Volda læringscenter og Øyra skule har frivilligsentralen medverka til å etablere Mosaik, eit kulturprosjekt for born og ungdom på tvers av etnisitet. Føremålet til Mosaik brubygging, læring, utveksling og samspel. Prosjektet søkte og mottok kr 100 000 frå Møre og Romsdal fylke, nytta til å leige inn ekstern lærarressurs som jobbar med musikk og samspel, som mellom anna skal ende opp med ei framsyning i samband med opninga av Øyra skule i vår. I desember mottok Mosaik Volda kommune sin innovasjonspris på kr 20 000.
- I vår bisto vi Volda ny-sirkus med å få øk. støtte og samarbeidspartnarar. Tiltaket vart svært vellukka.
- Frivilligsentralen har vorte med i partnerskapen ”Aktivitetsvenn”, eit prosjekt som er inititert av Nasjonalforeningen for folkehelse, og skal arbeide for å rekruttere, rettleie og kople frivillig aktivitetsvennar med menneske med demens for å auke livskvalitet.
- I lag med Volda kommune, Volda Ørsta handicaplag og Volda sanitetslag søkte v i Gjensidigestiftinga om midlar til Motiview-syklar og fekk innvilga kr 236 250,-
- Vi medverka, i lag med Naturvernforbundet og Vør ryddedugadar langs fjord og vassdrag fleire stadar i kommunen i april/mai
- Det har også dette året vore etterspørsel frå innvandarar om hjelp til øvingskøyring, og 2 frivillige øvings sjåførar har vore formidla gjennom oss.

Innovasjonsskolen og Kimen sosial entreprenør

- I mai fullførte dei tre studentane frå Volda kommune, Gunnar Andenes, Martin Folldal og Astrid Gjersdal Innovasjonsstudiet, i regi av Høgskulen i Lillehammer.

Studiet er knytt til nasjonal satsing på innovasjon i kommunane. Voldastudentane valde ”Entreprenørskap som integreringsverktøy” som tema for innovasjonskaset, og spissa det til ”Korleis skal busette flyktningar kunne skape eigne arbeidsplassar?” Målet med studiet er, gjennom å tilrettelegge ein innovasjonsprosess på eit felt med behov for ny handling, å lære eit verktøy, og å dele det med resten av organisasjonen.

For vårt vedkomande resulterte innovasjonsstudioet i Kimen sosial entreprenør. Kimen vart organisert som ein frivillig organisasjon. Vi søkte prosjektmidlar utlyst av Nav til sosialt entreprenørskap, og 150 000 vart løyvt til Kimen. Sidan august har Espen Kolbræk vore engasjert som dagleg leiar av Kimen, og har m.a etablert avtale med Kongsvoll Gartneri på Folkestad om aktivitet i drivhuset der for busette flyktningar som vanskeleg kjem inn i den ordinære arbeidsmarknaden i Volda. Eit mål er å få oppatt drivhus på Prestholmen, og skape meiningsfull aktivitet der og i Elvadalen, i samarbeid med både offentlege, næringslivs-og frivillige aktørar.

Dagleg leiar har elles delteke i:

- Nettverk søre Sunnmøre, 3 samlingar
- Søre Sunnmøre kulturleiarforum, 2 samlingar
- Verdiprosessgruppa i Volda kommune, 3 møte + ein verkstad
- Årsmøte, Volda sanitetslag, februar
- Seminar om tilskotsordningar i Molde, mars
- Regionmøte TV-aksjonen, august
- Regionskonferansen for frivilligsentralar, september
- Jobbmentorsamling, Høgskulen i Volda, oktober
- KS-samling i Oslo, desember

Faste samarbeidsforum:

- Styringsgruppa for StudiebygdA
- Søre Sunnmøre Kulturleiarforum
- Nettverk søre Sunnmøre

Til stades: Wenche Solheim/Knut Åmås/Rune Sjugard/Stein Veland/Monica Osvold/Brita Sollid/Tore Thorsnes, Eli Grøtta

MBA: Gry Sætre Øye (VO), Johnny Mork (AVYO), Anne-Britt Løvik (NTL), Tove Sjugard (Fagforbundet), Solgunn Hindenes (FO)

Referent: Eli Grøtta

Referat frå partnerskapsmøte 13. mars 2017

Stad: NAV Ørsta/Volda, 3. etasje, Strandgata 5A, 6150 Ørsta

Tid: kl. 11.00 – 14.00. 13.30 – 14.00 er sett av til TV/VO.

Møteleiar: Stein

Sak 1 – Kommunesamanslåing, Volda – Hornindal v/Rune

- Status og utfordringar ved begge NAV-kontora
- Ressursar og organisering
- Problemstillingar ved samanslåing
- Drøfting av prosessen med samanslåing

Det er fatta positivt vedtak i Volda og Hornindal om kommunesamanslåing. Kommunene er no i ein kartleggingsfase fram til 1.juni, før ein går over i ein planleggingsfase. NAV Ørsta/Volda og NAV Hornindal er godt i gang med sitt kartleggingsarbeid.

I intensjonsavtalen er det lagt opp til at NAV også skal vere lokalisert på Grodås, på kva nivå må ein kome tilbake til. Nye digitale løysingar vil gje moglegheiter for at tenester kan ytast, sjølv om der ikkje er eit fysisk kontor. I framtida vert det lagt opp til færre NAV-kontor, men i staden baser og tenesteyting på ein annan måte enn i dag.

I prosessen med kommunesamanslåinga, vert det viktig å trø rett i høve dei kommunale tenestene og kommunalt tilsette i NAV Hornindal. Volda har delegert sine tenester til Ørsta som vertskommune, alle kommunalt tilsette i NAV Ørsta/Volda har Ørsta kommune som overordna arbeidsgjevar.

Alle tilsette i Volda kommune og i Hornindal kommune skal gjennom verksemdoverdraging overførast til ny kommune med verknad frå 01.01.20. Noverande kommunar Volda og Hornindal opphøyrer pr 31.12.19. For dei som skal over til Nav, vil det vere naturleg at dei gjennom verksemdoverdraging vert overført direkte til Ørsta som vertskommune for Nav. Dette under føresetnad av at NAV-kontoret framleis vert liggande i Ørsta (jf. punkt vedr. lokala under eventuelt).

Etter ein del diskusjon rundt formalitetar, økonomiske tilhøve, tekniske tilhøve og politiske avgjerder som må takast, vart ein samde om at NAV-kontora ikkje skal slåast saman før kommunene vert samanslått i 2020. Ein legg heller opp til tettare samarbeid mellom NAV-kontora framover. NAV-leiar og rådmann i Hornindal, samt fylkesdir. i Sogn og Fjordane, vert også inviterte med i framtidige partnerskapsmøter. Dei får også tilsendt referat. Det er ynskjeleg at NAV Hornindal framover får innsikt i prosessar som pågår i NAV Ørsta/Volda vedr. omorganisering, leiarstruktur m.v.

Ein må ta stilling til leiarspørsmålet, i dag er det 2 NAV-leiarar.

Når Volda og Hornindal vert slått saman, må finansiering og deling av utgifter mellom kommunene og NAV reforhandlast. Frå kommunal side er ein oppteken av at kommunesamanslåinga ikkje medfører statleg nedtrekk.

Ei SWOT-analyse skal føre fram til ei leiargruppe for den nye kommunen. Ein må bygge ein ny organisasjon for den nye kommunen. Det juridiske tilseier at det vert snakk om verksemdoverdraging av Hornindal til Volda, i praksis inneber dette at tilsette kan reservere seg mot å verte med over til den nye kommunen.

Sak 2 – Styringsdokument og føringar – kva tyder desse for oss?

- Mål- og disponeringsbrev 2017 v/Stein
- Kommunebrevet 2017 v/Wenche
- Rapport av 13.01.17– tilråding til arbeids- og velferdsdirektøren v/Stein
- Tenestepakkar i NAV – strategi for operasjonisering av kanalstrategien v/Stein
- Verksemdplan for NAV Ørsta/Volda 2017 v/Eli

Styringsdokument og styringssignal vart gått gjennom. Satsingsgrupper er ungdom og innvandrarar, barneperspektivet og bustadsosialt arbeid er også sentralt. Viktig med heilheitleg fokus.

*Det vart røyst spørsmål knytt til brukarutval i Ørsta/Volda. Dette har vore vanskeleg å etablere, det viser seg også at svært få kontor har fått oppretta slike utval. Kanskje kunne det vore aktuelt å etablere eit brukarutval for Søre Sunnmøre? I Sogn og Fjordane har dei kun brukarutval på fylkesnivå, ikkje på lokal-kontor nivå. Det viktigaste er at brukarane får ta del i si sak, dette er også poengtert i Mål- og disponeringsbrevet.

*Tenestepakkar i NAV (nye grensesnitt) vert innført 3. april. Dette vil medføre ytterlegare auke i bruken av kanalstrategi/digitale løysingar, og færre brukarar skal trenge fysisk oppmøte på NAV-kontoret. Nokre kontor har allereie innført reduksjon av opningstid og lagt hovudvekt på planlagde timeavtalar for brukarane. I Oppland er alle kontor opne for drop-in 2

timar pr. dag. I Lillehammer-Gausdal er det ope 2 timar 2 dagar pr. veke. Det vert lagt opp til mykje arbeid ute, alle tilsette har fått mobile dataløysingar.

NAV Ørsta/Volda får klarsignal for å redusere opningstida. Vi lagar ein plan for innføring av tenstepakkar/overgang til reduksjon i opningstid, denne vert sendt «på høyring» i partnerskapet. Det vert viktig å informere godt i forkant, både til innbyggjarar, samarbeidspartar og politikarar. Vi skal lage informasjonsskriv, nytte media og kommunene sine heimesider. Det er viktig at dei tilsette ikkje vert meir utilgjengelege, endringa vert gjort for å betre service og tenester til brukarane.

*Rapport av 13.01.17 – vart ikkje omtala.

*Verksemdplan for NAV Ørsta/Volda vart gått gjennom. Planen bygger på styringsdokument og eigne prosesser. Planen vart godkjend, men med ynskje om eit tillegg som ivaretek satsing på bustadsosialt arbeid og barneperspektivet. Også eit tillegg om at verksemdplanen skal sjåast i samheng med målekortet. Dette for å sikre samsvar mellom indikatorane i målekortet og satsingsområda i verksemdplanen - måloppnåing.

I Sogn og Fjordane vert det utarbeidd utviklingsavtalar for kontora.

Sak 3 – Arbeid med ny organisasjonsmodell v/Eli

- Orientering om status
- Leiarstruktur

Eli orienterte om status for omorganiseringa. Organisasjonsmodell vart presentert og gitt tilslutting til. Modellen legg opp til 1 leiar, 2 avdelingsleiarar (som også skal ha noko portefølge), 2 team og ei sosial/økonomigruppe. Sos.øk.gruppa skal ha ein fagansvarleg/koordinator, NAV-leiar vert overordna fagansvarleg for denne. I prosessen med rekruttering av tilsette til sos.øk.gruppa, har fleire tilsette trekt seg. I ytterste konsekvens må nokon beordrast, noko som er uheldig. Eli jobbar vidare med dette.

